

Fra: Nils Kvalvågnes <nils.kvalvagnes@gmail.com>
Sendt: torsdag 14. oktober 2021 16:10
Til: Per Sveinar Morsund
Kopi: jorunn.h.kvalvagnes
Emne: Tilsvar på dykker pålegg om retting av tiltak - dykker saksnr 20/15960 - 21/60645
Vedlegg: Flyfoto ferdigbygd veg og snuplass Mikkelvågen 2009.jpg; Brev om opprusting privatveg Kvalvågnes 2008.jpg; Godkjent situasjons-disposisjonsplan hyttefelt 84-4 Kvalvågnes - Mikkelvågen.pdf; Svar søknad om landbruksveg 09.02.2011.pdf

Syner til brev fra Dykk dat 15.09.2021 med pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt gjeldande vår landbruksveg og snuplass - gnr. 84/4.

Til dykker punkt 1, 2 og 3 side 1:

1. Me har no følgd pålegget om å stengja for gjesteparkering på vårt område for garden sin bruk/velteplass/oppstillingsplass for landbruksutstyr og maskiner, - innramma med gult på flyfotoet nedanfor. Me garanterer at området vil ikkje bli gjort tilgjengeleg for gjesteparkering igjen. Me reknar difor med at pålegget punkt 1 vert godteke som retta.



2. Pålegg om retting av utvida parkeringsareal - parkeringsområde for hyttene i Mikkelsvågen.

Det historiske gardsvegnettet i området er dokumentert i kartvedlegga til byggesakene til gbnr 84/25 og 84/26 i Lindås Bygningsråd sak: 23/77, 532/77, 587/77 og 588/77. Her syner me særleg til situasjonsplanen/situasjonskartet i målestokk 1:5000 med stempel fra sakshandsaminga i ulike faginstansar og råd på kommune og fylkesnivå. I sak nr 23/77 er også godkjenning fra fylkeslandbruksstyret og dispensasjon fra strandplanlova dokumentert. Situasjonsplanen i målestokk 1:5000 (vedlagt byggesakene Lindås bygningsråd 587 og 588/77) avset eit område for parkering for hyttene. Dette området vart liggjande svært nært strandlinja då bilvegen med endesuplass stod ferdig bygd hausten 2008. Parkeringsområdet på plankartet vart i staden plassert i området markert med blå firkant på flyfoto frå 2009, - på nordvestsida av gardsvegen vår. Dette meiner me er i samsvar med plan for hyttefeltet. Dette parkeringsområdet er dimensjonert for 4 bilar - der tre plassar er bygd. Det vart kontrollert med bygningssjef Lars Johan Haukås at byggeløyva nemnd ovanfor, og godkjenningar som galdt vegframføring og parkeringsområde for hyttene i Mikkelsvågen framleis var gyldige då siste strekket av gardsvegen skulle byggjast i 2008. Me går difor ut frå at parkeringsområdet har si naudsynte

godkjenning heimla i Lindås bygningsråd si sakshandsaming og vedtak som tilvist over. Med tilvising til dokumentasjonen over og dykker vurdering av at parkeringsområde for hyttene kan godkjennast sjølv om det ikkje ligg akkurat som på situasjonsplanen for hyttefeltet (j.f. dykker brev - første setning s 2 om dette) bed me difor om aksept for at parkeringsområdet for hyttene, innramma blått på flyfotoet frå 2009 -nedanfor, er bygd i samsvar med løyve gitt av Lindås Bygningsråd i 1977.

3. Reparasjon av gardsveg etter snuplassen og område for garden sin bruk.

I vedtaket dykker er ikkje vår nytte og historiske bruk av området som gardsveg og areal for garden sin bruk vurdert i det heile, -med den korte grunngjevinga siste setning strekpunkt 4, s. 2 i påleggset: "... og ikkje eit LNF-tiltak slik du gjer greie for". -sjølv om kommunen godt kjenner til gardsvegnettet vårt i området gjennom dei byggeløyva som vart gjevne i 1977 (omtala i punkt 2 over). Vedlagt byggesøknadane for 84/25 og 84/26 ligg kart, planar og skisser i ulike målestokkar samt situasjonskart/situasjonsplan for hytteområdet i Mikkelsvågen i målestokk 1:5000 som dokumenterer gardsvegnettet som hyttene skal nytta som tilkomst. Alle skøyta inneholder også formuleringar om ferdsselsrett på desse vegane fram til eigne eigedomar i hyttefeltet i Mikkelsvågen.

I påleggset vert gardsvegen vår omtala som "parkeringsplass". Det er den ikkje. Biletet på side 3 i skrivet dykker syner for det vesentlege gardsvegen vår med eit område til høgre (omramma gult på flyfoto nedanfor frå 2009) som er til garden sitt bruk. Parkeringsområdet for hyttene (omramma blått) ligg nord/vest for gardsvegen -og startar der den parkerte bilen står på nedste biletet s 3 i påleggset frå dykk, - og strekkjer seg utanfor biletet mot snuplassen til gardsvegen vår.

Det sentrale området på biletet nedst s 3 i påleggset, syner vår gardsveg med snuplass og gardsvegen vidare til endes, samt eit område til høgre for der eg står som er til garden sin bruk (sjå også nedste biletet der traktoren står midt i vegløpet over plassen.. Dette området er omtala i svar til oss i 2011 frå Landbrukskontoret i Lindås etter våre spørsmål om tiltak for å betra tilkomsten til skogressursar m.v. i dette området. (dykker saksnr. 2008/1665-0-4193/2011). I svaret til oss skriv fagleiar landbruk Nils Kaalaas følgjande: "Kommunen skal handsama slike søknader etter:"Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål" og siterer deretter §§ 1-1 og 1-2..i forskrifta. I § 1-2 strekar han under avsnittet som skildrar unntaka for søknadsplikt: "**Unntatt er opparbeidelse av oppstillingsplass for landbruksmaskiner til bruk på eiendommen, og enkle driftsveier som medfører bare ubetydelige terrengeinngrep. Med ubetydelige terrengeinngrep menes fylling eller planering over korte strekninger som ikke fører til mer enn 1 meter avvik fra opprinnelig terrengnivå.**

Med tilvising til dette, skriv Kaalaas i første avsnitt s 2 i svaret til oss: "Etter synfaring ser eg at ei opprusting av den eksisterande vegen fram til parkering/velteplass ikkje vil føra til noko nemnande inngrep." og vidare: "Om vegen må utvidast på eit par mindre punkt så vil eg rekna det som vedlikehald". Området han omtalar her er nettopp enden av gardsvegen vår og det område dykker pålegg omfattar.

(Avsnitt 2 i brevet frå Kaalaas, omtalar den "blå" skogsvegen, som me seinare fekk løyve til å byggja etter eigen søknad om dette, j.f. dykker brev med krav om oppretting s 2 strekpunkt 2).

Me fekk altså løyve frå Landbrukskontoret i Lindås alt i 2011 til å reparera/oppgradera gardsvegen vår i området ved "parkering/velteplass. Noko vart gjort då og noko stod att å gjera. Før oppgraderinga i fjar vart Landbrukskontoret v/ landbrukskonsulent Nils Kaalaas igjen kontakta Kalaas er godt kjendt i området og visste kva område saka galdt. Med tilvising til tidlegare spørsmål og svar frå oss om

søknadsplikt for slik oppgradering, fekk me igjen grønt lys for å reparera dei gjenståande 20m gamal gardsveg med heimel i unnatak for søknadsplikt etter § 1-2 i "Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål". Reparasjonen av gardsvegen samt oppgradering av snuplassområdet med nytt dreneringssystem vart deretter gjort. Difor framstår området som "nytt" i dag noko det ikkje er bortsett frå parkeringsområdet for hyttene (omtala i pkt. 2 her).

Han stadfesta då si vurdering frå 2011, -at tiltaket: reparasjon av 20 m gardsveg fram til gammal foringsplass/tilsynsplass for beitedyra på garden (markert med to svarte strekar på flyfoto frå 2009) var unntake soknadsplikt i forskrifter (J.f. svaret han gav oss i brev dat. 09.02.2011 . Me gjennomførte deretter utbetringa fram til endes av gardsvegen i området innramma av 2 svarte strekar (sjå markeinga i flyfoto frå 2009 nedanfor). Traseen til den gamle gardsvegen syner tydeleg på flyfotoet, sjølv om noko av den har vorte tilgrodd med skog på dei 30 åra den ikkje har vore i bruk som køyreveg for garden (sjå foto nedanfor før reparasjonen av gardsvegbiten starta). No har me trong for å ta den i bruk att som køyrevegtilkomst til foringsplassen og gjennomførte reparasjonen i samsvar med den sakkunige vurdering av at dette kunne gjerast utan særskilt søknad til Landbrukskontoret i Alver. Me sjekka også ut at den aktuelle forskriften var å finna på Alver kommune si heimeside. Det var den, men kort tid etter vart denne viktige informasjonen til gardbrukarar og skogeigarar fjerna av nokon i kommunen.

Me bed difor om at løyet til reparasjon/oppgradering av dei siste 20m gardsveg med velteplass/område for garden sin bruk gjeve av Landbrukskontoret i Lindås i skriv dat. 09.02.2011 (med heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål" og forskriften sine bestemmelser om unntak for søknadsplikt i § 1-2 2. avsnitt) vert lagt til grunn for dykkar vurdering av om tiltaket er lovleg bygd (slik de har gjort for ny skogsveg i strekpunkt 2 s. 2 i påleggset).



Bilete av 20m. gardsveg før reparasjonen våren 2020. Avdi den i ein periode på meir enn 30 år ikkje var nytta av garden som køyreveg, er halve vegbana grodd til med busk og kratt. Men dette er ikkje uvanleg for gardsvegar som ligg unytta i skogsområde og berre vert nytta som gangsti for folk og fe. Forings/tilsynsplassen for beitedyra ligg til høgre innimellom trea ved enden av vegen. Vegen viser tydeleg på flyfoto frå 2009.



Me meiner difor at våre tiltak i området er heimla i historisk bruk frå "gamalt av" og i nyare tid i gyldig utbyggingsplan for hyttefeltet i Mikkelvågen, - der også gardsvegnettet vårt syner og brukande køyreveg for tyngre køyretøy er heilt naudsynt for garden si drift men også som tilkomst til hytteområdet.

Når det gjeld tidsaspektet av vår gjennomføring av dei ulike tiltaka langs den ca 900m lange gardsvegen (frå enden av kommunevegen over gardsbruka 84/1,2,4 og 33 til hyttefeltet i Mikkelvågen), så tok arbeidet med oppgraderinga frå därleg kjerreveg i 1977 til bilveg med lastebilstandard omlag 40 år. Heile vegstykket er privatfinansiert av grunneigarane og oppsitjarane. Dette var til tider tunge økonomiske løft i tillegg til stor eigeninnsats for oss som grunneigarar og einaste fastbuande, men også for hytteeigarane som i tillegg tyil å skulle finansiera bygginga av sine eigedomar også måtte delta i vegbygginga økonomisk. Siste delen av vegen - fram til parkeringsområdet for hyttene, stod difor ferdig så seint som hausten 2008 (rapport om dette ligg ved). Då først kunne parkeringsområdet for hyttene byggjast. Men den siste biten av vegen var også eit tungt løft for mange og me som grunneigarar fekk ikkje grønt lys frå hytteeigarane til å flytta hytteparkeringa frå gardsvegen/snuplassen vår til det avsette parkeringsområdet i hytteplanen før på vårparten i fjar.



Traktoren står på gardsvegen vår om lag der eg står på nedste biletet s 2 i pålegget. Vegen går midt igjennom vårt område for garden sin bruk til høgre og parkeringsområdet til hyttne til venstre.

Vonar at desse tilleggsopplysningane kan bidra til at pålegg om retting m.v kan opphevast.

Kvalvågnes 14.10.2021.

Med helsing

Nils Kvalvågnes